



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: 10.03.2025 kl 19:00 – 23:00

Stad: Formannskapssalen, rådhuset i Odda

Desse møtte: Jarle Rasmussen (leiar), Per Helge Sekse, Britha Sandal, Jonas Aakre, John Helge Rasmussen (vara for Anette Torvund)

Forfall: Anette Torvund

Andre til stades på møte: Eirik V. Dørheim (sekretær)

Publisert:

Saker til styremøtet:

01/25: Orientering

02/25: Rekneskap 2024

03/25: Årsmelding 2024

04/25: Fastsetjing av prisar for 2025

05/25: Budsjett 2025

06/25: Møteplan 2025

07/25: Høyring villreinkvote Hardangervidda 2025

08/25: Folgefonna statsallmenning

09/25: Fiskeutsetting i Holmavatnet

10/25: Eventuelt

Jarle Rasmussen/s/

Per Helge Sekse /s/

Jonas Aakre /s/

Britha Sandal /s/

John Helge Rasmussen /s/



01/25: Orientering

Saksdokument:

Postliste:

- 2024.11.14-362.1-Statskog-Register over eigarforhold til ulike hytterbuer i Ullensvang Statsallmenning
- 2024.11.20-145.9-J.Rasmussen-Søknader sendt stiftingar haust 2024
- 2024.11.29-335.3-Faun-Rapport R28-2024 Blir saltautomater for sau brukt av villrein
-
- 2024.12.03-612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner høstmøtet HV 2024 del 1
- 2024.12.03-612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner høstmøtet HV 2024 del 2
- 2024.12.03-612.3-Villreinutvalet-Presentasjoner høstmøtet HV 2024 del 3
- 2024.12.05-145.4.-Statskog-Grunneigarfondet-Sluttutbetaling for restaurering av steinbua Rogdabu
- 2024.12.05-145.9-Ullensvang fjellstyre-Førespurnad om utbetaling av gåve - nytt naust Belebu
- 2024.12.06-145.9-Sparebankstiftinga Hardanger- SV Førespurnad om utbetaling av gåve
- 2024.12.06-642.1-Inatur-ÅRSRAPPORT innlandsfiske 2024 fra Inatur til Ullensvang fjellstyre
- 2024.12.10-612.3-Villreinutvalet-Strukturtelling Hardangervidda 2024
- 2024.12.11-433.1-DNT- Varsel om revarding Skjeggedal-Tyssepassbu
- 2024.12.13-612.3-Villreinutvalet-Angående merking fra helikopter på Hardangervidda
- 2024.12.18-145.4-Statskog-Sluttutbetaling for innkjøp av utstyr til fiskeforbedringstiltak
- 2024.12.18-012.1.2-Ullensvang fjellstyre - Møtebok fjellstyremøte 28.11.2024
- 2024.12.20-612.2-Ullensvang kommune-Fagkveld jaktledere
- 2024.12.30-20-S.Nordermoen-Sommerjobb-praksis plass
-
- 2025.01.12-434-Ullensvang fjellstyre-Søknad om løyve til motorferdsle med snøskuter etter vernereglane for Hardangervidda nasjonalpark.
- 2025.01.17-145.4-Statskog-Verdiskaping med Statskog 2025
- 2025.01.20-434 Tilsynsutvalet - Motorferdselløyve vinter 2025 - 2028
-
- 2025.02.03-612.3-Villreinutvalet-Høring kvoteforslag 2025
- 2025.02.03-612.3-Villreinutvalet-Oppfordring fredningssoner Hardangervidda
- 2025.02.10-612.3-Villreinutvalet-VS Orientering om merking av elg og villrein Hardangervidda og Setesdal
- 2025.02.14-612.3-Villreinutvalet-VS Anbefalinger om kiting Hardangervidda
- 2025.02.20-612.3-Villreinutvalet-Invitasjon og program vårmøte Hardangervidda 2025
- 2025.02.21-640.0-Eidfjord fjellstyre-Retting av sak om endring av fiskereglane på Eidfjord statsallmenning
- 2025.02.25-434.-Ullensvang kommune-Motorferdselløyve - Skjeggedal - Langavassbu
- 2025.02.25-612.3-Villreinutvalet-Årsmøte villreinutvalet 28 mars sakspapirer og innkalling
- 2025.02.27-035.2-Ullensvang fjellstyre-Utkast til Avtale innkjøp av båter Hovlandstølen
- 2025.02.27-035.2-Ullensvang fjellstyre-Byggesøknad og løyve fjellstyrehytte og naust Bjørnavassbu
- 2025.02.27-035.2-Ullensvang fjellstyre-Forslag til tilnærming på fjellstyre sitt plassbehov i fjellstyrenaustet Bjørnavassbu



Saksutgreiing:

Gjennomgang av postlista og andre saker som er blitt arbeida med sidan frå førre møte.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang av postliste og saker sidan førre møte.

Hyttene ved Langavatnet:

Leiar har prata med rådmannen i Ullensvang kommune om steinbua Langavassbui og ei hytte i Båsdalen, begge er oppført av gamle Odda kommune. Rådmannen har tatt saken vidare til byggetaten for vidare vurdering.

Orientering rundt saka om båtane i naustet på Bjørnavassbu.

Orientering om jegerprøvekurs og anna planlagt rekrutteringsarbeid.

Sekretær har gått gjennom arkivet og funne feste knytt til Kollsbu, dette vart gått gjennom.

Saken angående hytte ved Øvsta Krokavasshallet vart diskutert.

Vedtak (sak 01/25)

Sekretær og leiar arbeidar vidare med rekrutteringstiltak.

Sekretær forhøyrer seg med Statskog knytt til saka på Øvsta Krokavasshallet. Tilsvarande gjennomførte flytting av hytter med same erklæring stilles spørsmål ved. Det innhentast uttale gitt frå Statskog i desse konkrete tilfella. Saka blir tatt opp på neste møte.

Fjellstyre tek orienteringa til vitande.

Samrøystes.

02/25: Rekneskap 2024

Saksdokument:

- 02-25 Resultat 2024
- 02-25 Balanse 2024
- 02-25 Kontospesifikasjon 2024 (Blir ettersendt før møte)



Saksutgreiing:

Rekneskapsfører nærmar seg ferdig med å føre rekneskapen for 2024, men det er ikkje gjort avslutting av rekneskapen. Det er planlagt at rekneskapen blir ferdig i løpet av veka, og vil då bli ettersendt i forkant av møte.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Leiar tok opp at rekneskapen kom seint. Er det mogeleg å få det tidlegare, da dette gjerne har samband med årsbudsjettet (Skaper utfordringar med tanke på å budsjettera for større innkjøp som skal gjennomførast og transporterast på inn på vinterføre.)

Stort arbeidspress på rekneskapsfirma denne tida av året. Sekretær forhøyrer seg med rekneskapsfører om det er mogeleg å få rekneskapen tidlegare frametter.

Gjennomgang av rekneskapen for 2024.

Vedtak (sak 02/25)

Sekretær forhøyrer seg med rekneskapsfører om det er mogeleg å få rekneskapen tidlegare frametter.

Fjellstyre godkjenner rekneskapen for 2024.

Samrøystes.

03/25: Årsmelding 2024

Saksdokument:

- 2025.03.03-046.1-Ullensvang fjellstyre - Årsmelding 2024 – Utkast

Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding ligg vedlagt saka.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Gjennomgang av årsmelding.

Innspel frå leiar om ha med punkt om bruken av fjellstyrebåtane.

Vedtak (sak 03/25)

Fjellstyre einast om årsmeldinga med dei endringane som framkjem i referatet.

Samrøystes.

04/25: Fastsetjing av prisar for 2025Saksdokument:

Ny prisramme:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-03-11-681/>

Saksutgreiing:

Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning legg føringar for prisar på stongfiske, småviltjakt og reinsjakt.

Prisane for stongfiskekort og småviltjakt blei justert opp i 2021 etter vedtak om ny prisramme.

	Prisar Ullensvang fjellstyre 2021 - 2024
Stongfiske	
Døgerkort stongfiske	kr 110*
2-døgerskort stongfiske	kr 190*
3-døgerskort stongfiske	kr 290*
Vekeskort stongfiske	kr 390*
Sesongkort stongfiske	kr 790*
Vekeskort garnfiske utanbygdsbuande	kr 600
Vekeskort fiske innanbygdsbuande	kr 300
Familiekort sesong innanbygdsbaunde	kr 500
Sesongkort fiske innanbygdsbuande	kr 450



Småviltjakt for innanbygdsbuande		
Dagskort	kr 140**	
Vekeskort	kr 600**	
Sesongkort	kr 1 100**	
Småviltjakt for utanbygdsbuande		
Dagskort	kr 280*	
Vekeskort	kr 1 200	
Sesongkort	kr 2 200	
Smårovviltkort sesong	kr 100	
Reinsjakt innanbygdsbuande		
Pris pr. kort (vaksen bukk 2,5 år eller eldre)	kr 1 500**	
16-19 år halv pris.		
Reinsjakt utanbygdsbuande		
Pris pr. kort (vaksen bukk 2,5 år eller eldre)	kr 3 000	
Prisar hytteutleige pr. person	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Trehytte	kr 100	kr 200
Steinbu	kr 90	kr 180

* På prisramma, jf. forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

** Prisen på småviltjakt og reinsjakt for innanbygdsbuande kan ikkje settast lågare enn halvparten av prisen for utanbygdsbuande.

Framlegg til vedtak:

Sakshandsamar meiner at det er rett å ligge på prisramma på både for småviltjakt og fiske. Dette er i utgangspunktet svært rimeleg og ei ettertrakta vare. Det vart nyleg vedtatt nye satsar i forskrifta, og fjellstyret kan dermed justert sine prisar opp i samsvar med desse.

Sakshandsammar vil tilrå å vente med fastsetjing av pris på fellingsløyve på reinsdyr, til ein veit korleis reinsjakta vert i 2025.



Referat:

Leiar la fram forslag til nye prisar for 2025.

Framlegg til nye prisar:

	Prisar Ullevang		Prisar 2025	
	fjellstyre 2021 -2024			
Stongfiske				
Døgerkort stongfiske kr 110*	110*		130*	
2-døgerskort stongfiske kr 190*	190*		210*	
3-døgerskort stongfiske kr 290*	290*		310*	
Vekeskort stongfiske kr 390*	390*		460*	
Sesongkort stongfiske kr 790*	790*		930*	
Vekeskort garnfiske utanbygdsbuande	600	20 stk max	900	20 stk max
Vekeskort fiske innanbygdsbuande	300		300	
Familiekort sesong innanbygdsbuande	500		500	
Sesongkort fiske innanbygdsbuande	450		450	
Småviltjakt for innanbygdsbuande				
Dagskort kr 140**	140**		160**	
Vekeskort kr 600**	600**		800**	
Sesongkort kr 1 100**	1100**		1300**	
Småviltjakt for utanbygdsbuande				
Dagskort kr 280*	280*		320	
Vekeskort kr 1 200	1200		1600	
Sesongkort kr 2 200	2200		2600	
Smårovviltkort sesong	100		100	
Reinsjakt innanbygdsbuande				
Pris pr. kort (vaksen bukk 2,5 år eller eldre)	1500**		ikkje avgjort enda	
16-19 år halv pris.				
Reinsjakt utanbygdsbuande			ikkje avgjort enda	
Pris pr. kort (vaksen bukk 2,5 år eller eldre)	3000			
Prisar hytteutleige pr. person	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Trehytte	100	200	100	270
Steinbu	90	180	90	210

* På prisramma, jf. forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

** Prisen på småviltjakt og reinsjakt for innanbygdsbuande kan ikkje settast lågare enn halvparten av prisen for utanbygdsbuande.

Fjellstyre gjekk gjennom den nye prisramma, og framlegg til nye prisar for 2025.

Prisar på hytteutleige vart diskutert. Forslag frå leiar om å auke døgnprisen for utanbygdsbuande. Innspel frå styremedlem om at prisane for hytteleige burde aukast litt også for innanbygdsbuande. Dette med grunnlag i investeringar som er gjort for å auke standarden på hyttene dei siste åra. Einigheit i styret om at prisen til innanbygdsbuande burde holdast slik dei er.

Innspel angående om fjellstyre kan ha ordning med skotpremie for raudrev.



Vedtak (sak 04/25)

Fjellstyre søker om midlar til skotpremie for raudrev. Detaljane rundt eventuell ordning for skotpremie blir tatt på neste møte.

Fjellstyre vedtek følgande prisar for 2025:

Prisar Ullevang fjellstyre	2025	
Stongfiske		
Døgerkort stongfiske kr 110*	130*	
2-døgerskort stongfiske kr 190*	210*	
3-døgerskort stongfiske kr 290*	310*	
Vekeskort stongfiske kr 390*	460*	
Sesongkort stongfiske kr 790*	930*	
Vekeskort garnfiske utanbygdsbuande	900	20 stk max
Vekeskort fiske innanbygdsbuande	300	
Familiekort sesong innanbygdsbuande	500	
Sesongkort fiske innanbygdsbuande	450	
Småviltjakt for innanbygdsbuande		
Dagskort kr 140**	160**	
Vekeskort kr 600**	800**	
Sesongkort kr 1 100**	1300**	
Småviltjakt for utanbygdsbuande		
Dagskort kr 280*	320	
Vekeskort kr 1 200	1600	
Sesongkort kr 2 200	2600	
Småroviltkort sesong	100	
Reinsjakt innanbygdsbuande		
Pris pr. kort (vaksen bukk 2,5 år eller eldre)	Ikkje avgjort enda	
16-19 år halv pris.		
Reinsjakt utanbygdsbuande		
Pris pr. kort (vaksen bukk 2,5 år eller eldre)	Ikkje avgjort enda	
Prisar hytteutleige pr. person	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Trehytte	100	270
Steinbu	90	210

* På prisramma, jf. forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

** Prisen på småviltjakt og reinsjakt for innanbygdsbuande kan ikkje settast lågare enn halvparten av prisen for utanbygdsbuande.

Samrøystes.



05/25: Budsjett 2025

Saksdokument:

Forslag til budsjett blir sendt ut i forkant av møte saman med rekneskapet.

Saksutgreiing:

Forslaget til budsjett er lagt fram med fylgjande føresetnader:

- Inntekter frå småviltjakt blir på same nivå som i 2023 og 2024.
- Inntekter frå fiske blir noko lågare enn i 2024.
- Inntekter frå reinsdyrkort blir lågare enn i 2024.
- Andre inntekter på same nivå, eller noko mindre, samanlikna med 2024.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Gjennomgang av budsjett.

Dersom rekneskapen ikkje kjem tidlegare ref sak 02/25 så må ein vurderer å vedta budsjett i eit tidlegare møte frametter.

Spørsmål angående føring av båtvrak-prosjektet.

Innspel frå leiar om å budsjettere for innkjøp av nye solcelleanlegg og fryseboksar til Raudåna, Belebu og Naustet. Fjellstyre er tildelt midlar frå Grunneigarfondet for to anlegg og har søkt om stønad til eit til. Innspel om å også søke Sparebankstiftinga om midlar.

Det vil for fjellstyre verte ein kostand på om lag kr 70 000,- om ein ikkje får tildelt meir midlar.

Vedtak (sak 05/25)

Fjellstyre godkjenner budsjettet med foreslått endringa som fram kjem av referatet.

Sekretær sjekkar med rekneskapsførar angående korleis ein skal føre båtvrak-prosjektet.

Samrøystes.



06/25: Møteplan 2025

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Behovet for møte kan vera vanskeleg å stipulere, sidan det normalt dukkar opp saker i løpet av året. Eit minimum vil vera eit møte med årsmelding, rekneskap og budsjett, eit møte for fastsetting av diverse rundt reinsjakta, til dømes i slutten av mars, og eit møte etter jakta.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Einigheit om at eit minimum er eit møte etter at villreinkvota er vedtatt og eit møte etter jakta.

Forslag om eit møte til i august før jakta, om behov.

Vedtak (sak 06/25)

Fjellstyre vedtek møteplan i henhald til referatet, med eit møte etter at kvota er bestemt, eit møte i forkant av jakta (om behov), og eit møte etter jakta.

Samrøystes.

07/25: Høyring villreinkvote Hardangervidda 2025

Saksdokument:

- 2025.02.03-612.3-Villreinutvalet-Høring kvoteforslag 2025
-

Saksutgreiing:

Villreinutvalet har sendt på høyring forslag til kvote, jakttid og ordningar for jakta. Høyringsfrist er 14. mars. Dei tilrår fyljande kvote, korttype og tiltak:

- Kvote på 3000 kort, der av 2500 med korttypen vaksen bukk 2,5 år og eldre, og 250 simle/ungdyr og 250 kalv.
- Førstegangsjegerar og ungdommar blir prioritert s/u og kalve kort.
- Jakttid 20. august til og med 21. september



- Dyreposisjoner.no tilgjengeleg for jegerane med tre dagars forseinking
- Vidareføre ordninga der det blir dispensert frå krav om skriftleg fellesjaktavtale, jf. hjorteviltforskrifta § 31
- Vidareføre fungerande fredingssoner og vurdere nye fredingssoner i andre område

Ved kalveteljinga i 2024 vart det fotografert 3.956 dyr. Av desse var det 1.073 kalv, 2.396 su og 486 vaksen bukk. Utvalet forventar ut frå dette ein bestandsvekst frå 2023 og vidare er det venta at talet på produktive simler i bestanden har auka. Bestandsestimatet no vert samanlikna med den bestanden ein hadde på vidda i 2003 og 2004 og erfaringa ein tileigna seg den gongen med freding og bestandsvekst. Ved fastsetjing av kvote for 2025 vert det tilrådd å ta utgangspunkt i ein bestandsstorleik på 4.000(+) dyr før kalving, ein kalvetilvekst på opp mot 1.400 kalv og 900 stk. bukk 2,5 år og eldre ved jaktstart. Uttak av simle og kalv i år er ikkje i hovudsak sett i lys av CWD, men vil vere viktig for forvaltinga med omsyn til kondisjonsvurderingar gjennom innhenting av slaktevektar og kjevar.

Videre skriver villreinutvalget i sin anbefaling:

En liten mulighet til enklere jakt gjennom uttak utover voksen bukk vil trolig bli sett på som positivt blant jegerne og være et lite bidrag / signal som kan motvirke den «jegertretthet» som synes å bre seg. Korttypene kalv og fritt dyr muliggjør også at valda kan prioritere disse korttypene til ungdom / førstegangsjegere. Dette vil lette jakta betydelig, noe som vil være svært positivt for denne gruppen av jegere. Korttypen fritt dyr vil i praksis fungere som et simle-ungdyrkort siden det vil være overskudd av rene bukkekort. Fridyrkort anbefales fremfor su-kort da det også muliggjør felling av voksen bukk. Dette vil være en stor fordel for bl.a. førstegangsjegere som ikke vil kunne skyte feil type dyr med denne korttypen.

Hardangervidda villreinområde er i ein vanskeleg situasjon. Ein erfarte etter fredinga i 2004 at oppbygginga av stammen gjekk seinare enn forventa då dødelegheita var høgare sett mot kalvetilveksten ut frå dei erfaringane ein hadde med ein større bestand. Med gjennomføring av ei jakt basert på kvote som foreslått vil ein forvente å kome opp til målsetjingane som er sette i bestandsplanen med ein kalvetilvekst på 1500 (1400-1700) kalv i 2026.

Det ligg ikkje føre signal eller grunn til ikkje å støtte forslaget om kvota frå utvalet i saka. Ein har erfaringar med jakttid og uttak frå fjorårets jakt og har sånn sett kome opp til nedre intervall i bestandsplanen no i 2025 og med ei forventning om å nå målet med ein kalvetilvekst på 1500 kalv i 2026.

Ein kan vidare diskutere kva tilgangen til Dyrepossisjoner med 3 dagar forseinking vil seie for jakta, basert på tidlegare erfaringar, samt dei forelsatte nye fredningssonene.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.



Referat:

Gjennomgang av kvoteforslaget.

Leiar meinte at Utvalet er vel optimistisk når dei tar utgangspunkt i ein kalvetilvekst på opp mot 1.400 kalv ved jaktstart. Det kan verke som om ein tilpassar seg bestandsmålet 1400-1700 kalv for å argumentere for uttak av S/U -kalv.

Tar ein utgangspunkt i ein bestandsstorleik på 4.000(+) dyr før kalving og 900 av desse er bukk 2.5 år pluss ved jaktstart. Da er ein nede i 3100 S/U

I 2024 vart det 44,8 k/100su, noe som er et godt resultat samanlikna med de to føregåande år. I 2023 ble det kun funnet 38,7 k/100su. Dette viser truleg ytterpunkta av kva som kan forventast i 2025 er utvalet sin konklusjon.

Dersom vi da tar noko midt mellom, dvs 42 k/100su så får vi ein estimert kalvetilvekst på 1302 kalv. Bruker vi 40 k/100su så får vi ein estimert kalvetilvekst på 1240 kalv.

Ein kalvetilvekst på 1200 kalv ved jaktstart ville vore meir realistisk utgangspunkt.

Diskusjon om kvoteforslaget, med innspel om at talet på foreslått kvote på simle/ungdyr er for høg med tanke på bestandsstorleik og kalvetilvekst.

Einigheit om at det er positivt med tanke på rekruttering å ha noko simler/kalv å jakte på.

Den totale kvota på 3000 dyr, er det einigheit om at er grei.

Diskusjon rundt simle/kalv kvotestørrelse. Dette vil bli attraktive kort i den situasjonen me står i nå. Fellingsprosenten vil bli høgare enn for bukkekort. Bekymring for at tar ut for mykje simle/kalv (produksjonsdyr). Ynskje om noko redusert kvote på simle/kalv. Styre samla seg rundt følgande: 3000 kort - 2700 bukkekort - 300 valfrie kort

Diskusjon kring tilgangen til GPS merka dyr med 3 dagar forseinking.

Dei foreslåtte fredingssonene vart diskutert. Leiar er kontakta av Vestfjell om mogeleg etablering av sone hjå dei og om fjellstyre eventuelt kunne etablere på statsallmenning i tilknytning til dette. Innspel om eksisterande fredningssoner burde justerast av hensyn til endringar i jegerdynamikken dei siste åra.

Vedtak (sak 07/25)

Innspel til å justerte fredningssoner vil bli tatt opp på neste møte.

Fjellstyre vedtek følgande forslag til kvote:

- Kvotestørrelse: 3000 kort
- Fordeling: 10 % valgfritt dyr, 90 % bukkekort, 0 % simle/undyr
- Støttar jaktid i perioden 20/8 til 21/9
- Støttar ikkje tilgangen til GPS merka dyr slik det framkjem i forslaget.



Sekretær sender inn høyringssvar til kvoteforslaget.

Avventar vidare utspel frå Vestfjell rundt deira kontakt angående fredningssona

Jonas utarbeidar forslag til endringar i fredningssonene.

Samrøystes.

08/25: Folgefonna statsallmenning

Saksdokument:

- Kart over isfrieområde på Folgefonna

Saksutgreiing:

Folgefonna statsallmenning ligg i kommunane Ullensvang, Kvinnherad og Etne, og har eit arealet er på 232 764 477,2 m²

Arealet er fordelt slik på dei ulike kommunane:

Ullensvang: 63 346 464,1 m²

Kvinnherad: 124 339 572,3 m²

Etne: 45 078 440,8 m²

Då grensene til statsallmenningen vart sett, følgde desse i hovudsak iskanten rundt Folgefonna. Sidan den tid har isen trekt seg tilbake, og større områder er i dag isfrie.

Av areal som er isfritt er dette grovt rekna til å utgjere ca. 68 400 000 m²

Det er pr i dag ikkje noko fjellstyre som forvaltar denne statsallmenningen.

Sekretær og leiar har vore i dialog med NFS og Statskog angående korleis ein eventuell prosess i forbindelse med opprettelse av fjellstyre for Folgefonna ville være.

Eksempelvis vart ein liknande prosess gjennomført i 2024 i Røldal for Breifonn statsallmenning.

Vegen vidare vil innebære å opprette kontakt med Kvinnherad kommune og Etne kommune samt å fortsetje dialogen med Statskog. Dette er noko som må behandlast politisk hjå dei ulike kommunane. Ein må forvente at dette arbeidet kan ta noko tid.

Fjellstyre må ta stilling til om dette er eit arbeid ein skal gå vidare med.



Framlegg til vedtak:

Sekretær fortsett arbeidet med Folgefonna, og opprettar kontakt med Etne kommune og Kvinnherad kommune, samt vidare dialog med Statskog.

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiing ved sekretær og leiar.

Diskusjon kring ulike modellar for eit eventuelt fjellstyre og korleis ein vidare prosess vil være. Einigheit om å fortsetje arbeidet med Folgefonna statsallmenningen.

Statskog har gitt skriftleg beskjed om at utgifter i forbindelse med forarbeidet vil bli dekket gjennom GF(«etablering av ny oppsynsordning»)- men midlene vil ikke bli utbetalt før arbeidet er ferdig og kostnadene er dokumentert. Me må skilja mellom typar kostnader (egne timer/lønn, reisekostnader, opplæringskostnader, kjøp av varer (inkl. større investeringar), kjøp av tenester, evt. flere).

Utgiftene kostnadsføres på eige oppsett. Det vil i hovudsak være timer på sekretær i første omgang.

Vedtak (sak 08/25)

Sekretær forsett arbeidet med Folgefonna, og settet opp ulike modellar til løysning for fjellstyre i Folgefonna statsallmenning i samråd med NFS.

Utgiftene kostnadsføres på eige oppsett.

Samrøystes.

Sak 09/25: Fiskeutsetting i Holmavatnet

Saksutgreiing:

E – post frå leiar i Røldal fjellstyre:

«Røldal fjellstyre har som kjent fått løyve til å setje ut fisk i Holmavatnet. Løyvet opnar for to fiskeutsettingar fram til 2033, kor kvar av dei kan vere på inntil 1200 fisk.

På 2000-talet var vatnet tilnærma fisketomt. Det vart sett ut «godt» med fisk i 2017 og 2014. I tillegg til kanskje ca 100-200 fisk rundt 2012 (garnfanga fisk frå Litlosvatnet). Denne fisken byrjar no å nærme seg maksvekta. Kvaliteten på fisken er no truleg så god som den kan bli. Røldal fjellstyre ynskjer no å «fylle på» med fisk, slik at me unngår at fiskebestanden kræsjar nok ein gong.



Ein har forsøkt å overvake vatnet, for å sjå om det førekjem naturleg rekruttering. Røldal fjellstyre prøvafiska i 2021, og fekk over 40 fisk som vart aldersdatert. Konklusjonen vart at alle desse fiskane stamma frå fiskeutsettingane i 2014 og 2017. Det har kome rapportar om observasjonar av fiskeyngel (i innløpsbekk i vestsida av vatnet). Borgstrøm gjennomførte difor eit EL-fiske i utløpselva, samt innløpsbekken for å sjå om det stod småfisk i rennande vatn. Det observerte me ikkje.

Underteikna har ikkje grunnlag for å tvile på at observasjonane av småfisk er feil. Truleg kan ei forklaring vere at fisken rett og slett ikkje overlever den komande vinteren, men at det år om anne vert klekt fiskeyngel, om tilhøva ligg til rette for det. Fjellstyret ynskjer å gjennomføre eit nytt EL-fiske også i 2025, og ber difor om løyve frå Ullensvang fjellstyre for å også ha moglegheita til å gjere dette i innløpsbekkar, og utløpselva frå Holmavatnet.

Med bakgrunn i dei dataa Røldal fjellstyre har greidd å samle inn dei siste åra, har ein no bestemt seg for at ein bør setje ut fisk i løpet av sommaren 2025. Fjellstyret vil då setje ut 1200 stykk 1-somrig fisk, som vert levert frå Telemark settefisk. Me vil syte for at denne er feittfinneklipt, slik at det skal vere relativt enkelt å stadfeste opphavet i «felten». Då klekkeriet ligg i Skien, krev det at me får løyst nokon logistikk utfordringar. Ein vil måtte bruke helikopter for å få fisken opp til vatnet.

Røldal fjellstyre vil i same slengen, setje ut fisk i to andre vatn, noko som gjer at helikopteret må på ein lokasjon til, utan om Holmavatnet.



Kostandane ved prosjektet estimerer me no til å vere:

Estimerte samla utgifter fiskeutsetting Hardangervidda 2025:			
	Antal	pris per	
Fiskeyngel	1800	6.25	kr 11 250
Helikopter			kr 15 000
Andre utgifter			kr 6 000
Totalt			kr 32 250

Estimert kostnad berre for Holmavatnet:			
	Antal	pris per	
I Holmavatnet	1200	6.25	kr 7 500
Helikopter			kr 7 500
Andre utgifter			kr 3 000
Kostnad Holmavatnet:			kr 18 000

Utgiftene for å setje ut fisk i Holmavatnet vert estimert til å vere rundt 18 000 kr.

Oppsummert:

- Røldal fjellstyre ber om løyve frå Ullensvang fjellstyre til å få EL-fiska i bekkar og elver inn og ut frå Holmavatnet i 2025.
- Røldal fjellstyre ber Ullensvang fjellstyre vurdere om dei kan vere med å dele på noko av kostnadane som Røldal fjellstyre vil få ved fiskeutsettingane i Holmavatnet sommaren 2025. Det er sjølvstøtt mogeleg å delta aktivt i fiskeutsettinga, eller kome med merknadar til denne, om dette er ynskjeleg. Eller naudsynt!»

Sakshandsamar si vurdering:

Bakgrunnen og fordelane med utsettinga og EL – fiske, er godt begrunna av Røldal fjellstyre. Dette er eit tiltak som vil gagne begge fjellstyra.



Sakshandsamar ser ingen grunn til å ikkje gi Røldal fjellstyre løyve til å gjennomføre EL fiske i bekkar og elvar inn og ut av Holmavatnet.

Ettersom dette er noko som vil virke positivt for fiske i Ullensvang statsallmenning også, bør fjellstyre vurdere å være med å dele kostnaden, samt bistå med personell både i utsettinga og EL – fiske.

FH sine tilsette har erfaring med denne type arbeid frå tidlegare, og vil kunne bistå med dette.

Om lag $\frac{1}{4}$ av Holmavatnet ligg i Ullensvang statsallmenning. Sakshandsamar foreslår at Ullensvang fjellstyre då bistår med $\frac{1}{4}$ av kostnaden, altså 4500 kr.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre gir Røldal fjellstyre løyve til å utføre EL-fiske i bekkar og elver inn og ut frå Holmavatnet i 2025 og stiller med personell frå FH til arbeidet.

Ullensvang fjellstyre bistår prosjektet økonomisk med kr 4500 ,-

Referat:

Gjennomgang av saksutgreiing.

Positivt at Røldal fjellstyre tar initiativ til dette. Interessant å finne ut om det er fiskeyngel i vatnet. I tillegg til EL-fiske, vil ein oppmode om også å bruka småmaska garn for om mogeleg å finna fiskeyngel.

Leiar UF har vore i kontakt med leiar RF. Røldal fjellstyre vil søkja midlar hjå ulike til dette prosjektet.

Ullensvang fjellstyre innstiller på inntil 4500,- i økonomisk støtte til prosjektet. Skulle prosjektet få støtte reduserast bistanden frå UF i henhold til fordelingsnøkkelen på $\frac{1}{4}$. Blir prosjektet fullfinansiert faller den økonomiske støtte bort.

Vedtak (sak 09/25)

Ullensvang fjellstyre gir Røldal fjellstyre løyve til å utføre EL-fiske i Ullensvang sin del av bekkar og elver inn og ut frå Holmavatnet i 2025. Det ver oppmoda om også å nytta småmaska garn for om mogeleg å finna fiskeyngel.

Ullensvang fjellstyre innstiller på inntil 4500,- i økonomisk støtte til prosjektet. Skulle prosjektet få støtte reduserast bistanden frå UF i henhold til fordelingsnøkkelen på $\frac{1}{4}$. Blir prosjektet fullfinansiert faller den økonomiske støtta bort.

Samrøystes.



10/25: Eventuelt

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Fjellstyre hytta på Hansbu som er utleigd til Hardangervidda Fjelloppsyn har ikkje vore regulert på leiga sidan kontraktsinngåelse i 2001. Hytta er i «så som så» stand. Det burde vært lagt planer om utbetring. Slik avtala er utforma nå, gir det ingen initiativ for nokon av partane å gjera noko med hytta. Dette bør endrast på. Leiar UF kontaktar dagleg leiar i FH as for å sjå på eventuelle løysningar.

Gjennomgang av båtvrakprosjektet og rapport.

Spørsmål om å kjøpe inn fotobok til dei som deltok på dugnadsarbeidet på Belebu i fjor sommar.

Innspel om å kjøpe inn bok om stølane og hyttene i Kvennadalen til alle fjellstyrehyttene.

Vedtak (sak 10/25)

Leiar kontaktar dagleg leiar i FH as angående hytta på Hansbu.

Fjellstyre kjøper inn fotobok frå arbeidet med naustet på Belebu.

Fjellstyre undersøker om det er fleire bøker/bestillar boka «Støler og hytter i Kvennadalen» til fjellstyrehyttene.

Samrøystes.



